

# Vilkår for leige av lokale i Bokn Arena

Ved å reservera via Bokn kommune si bookingløsning, har leigetakar forplikta seg til å følgja desse vilkåra for leige:

## Før ein tek lokala i bruk

- Eventuelle manglar, skader og avvik i lokalet før leigeforholdet startar, skal dokumenterast med bilde og meldast på SMS til nummer 98221508 eller på e-post [bestille@bokn.kommune.no](mailto:bestille@bokn.kommune.no). Leigetakar er erstatningspliktig for skader som oppstår under arrangementet, eller skader som er ikkje er meldt inn før ein tek lokala i bruk.
- Oppsett tid for leige av lokala må følgast. Lokalet kan ikkje takast i bruk før den tildelte leigetida. Tid til klargjering og rydding må reknast inn i leigetida.
- Leigetakar kan ikkje leiga ut hallen til andre.
- Ved arrangement der det blir parkert bobil/campingvogn utanfor som krev strøm pliktar leigetakar å organiser innkreving av leige for slik parkering i tråd med gjeldande sats i gebyrregulativet.
- Leigetakar må ha gjort seg kjend med branninstruks.

## Under bruk

- Ballspel i garderobar, korridorar m.m. er ikkje tillat. Ved arrangement der garderobar ikkje skal nyttast må leigetakar sørge for å hindra ukontrollert trafikk til og frå garderobane.
- Fottøy med svarte gummisålar, skarpe hælar, knottar eller piggar er strengt forbode i hallen.
- Bruk av hallen skjer på eige ansvar. Bokn kommune fråskriv seg eitkvart ansvar for tap av verdisaker, skader på personar eller eigendeler i leigeperioden.
- Leigetakar er ansvarleg for at lokala blir forlat i same tilstand som når ein tok dei i bruk.
- Bruk av teknisk utstyr, kjøkkenapparat og fastmontert idrettsutstyr skal skje etter gjeldande instruks.
- Personar påverka av ulovlege rusmidlar skal visast ut av hallen. Alkohol er kun tillat ved arrangement som kan framvise godkjent skjenkeløyve eller i lukka privat arrangement.
- Røyking er ikkje tillat inne i Bokn Arena. Røyking utanfor må skje i god avstand frå inngangsparti.

## Etter bruk

- Sjå til at dusjar og kranar er stengde før ein forlat lokala.
- Kjøkken skal vere rydda og reingjort (dersom leigetakar har nytta dette).
- Golv skal kostast med sopekost. Søl skal tørkast opp med moppar. Begge deler er sett fram på kjøkkenet i 1. etasje. Brukte moppar og kjøkkenfiller skal kastast i merka behaldarar i kjøkkenet.
- Sjøppel skal kastast i eigna søppelbeholdar.
- Sjå til at alle vindauge er lukka, dører er låste og at alle lys blir sløkte før ein forlèt bygget. Ved arrangement skal uteområdet ryddast for søppel.
- Ved arrangement skal overskytande søppel kastast i søppeldunkar i eige søppelbu som er plassert mellom Bokn Arena og Bokn idrettshus.

Eventuelle manglar/avvik frå desse vilkår kan medføra faktura med arbeidstimar som går med til å utføra manglande reinhald/rydding. Leigetakar kan på førehand bestilla ekstra reinhald etter arrangementet dersom leigetakar vurderer det som naudsynt. Dette vil ha ein kostnad pr. time. [Sats for reinhald står oppført i kommunen sitt gebyrregulativ.](#)